



Framo Holsnøy AS  
Rosslandsvegen 933  
5918 FREKHAUG

## Løyve til verksemd etter forureiningslova for Framo Holsnøy AS

**Fylkesmannen har gitt løyve til verksemd etter forureiningslova til Framo Holsnøy AS på visse vilkår. Løyve med vilkår er vedlagt.**

### **De kan klage på vedtaket innan tre veker.**

Vi viser til søknad av 2. mai 2017 om løyve til verksemd etter forureiningslova. Vi viser også til verksemdas vurdering av fare for forureining av grunn datert 15. august 2017 og til fråsegn etter høyring av søknaden.

Fylkesmannen gir med dette løyve på visse vilkår. Løyvet med vilkår er lagt ved dette brevet. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 16. Ved avgjerd av om løyvet skal gjevast og ved fastsetjinga av vilkåra, har Fylkesmannen lagt vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket og har samanhaldt desse med andre fordelar og ulemper tiltaket vil medføre. Ved fastsetjinga av vilkåra har Fylkesmannen også lagt til grunn kva som kan oppnåast med bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er antatt å ha størst miljømessig betydning, har vi uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i løyvet frå punkt 3 og dei etterfølgjande punkta. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt i høve saksbehandlinga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket blei gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1. For verksemder som nyttar slike stoff som innsatsstoff, eller der slike stoff vert danna under produksjonen, er utslepp av stoffa berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i løyvet punkt 3 og i punkta etter.

Vi understrekar at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Dette gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkeleg er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Dette løyvet kan seinare endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg saksbehandling og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må derfor føreligge i god tid før gjennomføring av ønska endring.

At det er gitt løyve til forureining, hindrar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som skuldast forureininga, jf. forureiningslova § 56.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar bedrifta å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova og dei forskriftene som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnd i løyvet. Vi viser til Miljødirektoratet si heimeside på internett, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no)

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

## **Saksframstilling og grunngjeving**

### **Bakgrunn**

Framo Holsnøy AS produserer komplette hydrauliske røyrssystem for drift av lossepumper som er levert av Framo Fusa AS. Verksemda starta opp produksjon i ny fabrikk på Hjertås i Meland kommune i 2006. Produksjonsarealet er på 10250 m<sup>2</sup>.

Verksemda driv med kjemisk overflatebehandling i eit lukka system. Det vil sei at prosessavløpsvatnet ikkje blir ført til sjø eller til kommunalt avløpsanlegg. Behandlinga skjer i tre trinn. Først vert feitt fjerna frå metalloverflata. Dette skjer med biologisk såpe der bakteriar bryt ned oljen. Dette er ein vassbasert metode for å fjerne feitt der badet har lang levetid, avfallsmengda er lita og energiforbruket er lågt. I 2016 blei dette badet skifta ut med nytt bad. Badet hadde vore i bruk i 10 år. Denne prosessen vert nytta både i røyrageret før maling og før metallet vert syrevaska.

Syrevasking av rustfritt stål skjer ved ei blanding av flussyre (HF) og salpetersyre (HNO<sub>3</sub>) og hydrogenperoksid (H<sub>2</sub>O<sub>2</sub>) i eit kar på 60 m<sup>3</sup>. Denne prosessen er også kalla beising og vert brukt for å løyse opp og fjerne glødeskall, oksidlag, korrosjonsprodukt, partiklar og smuss før vidare overflatebehandling. Verksemda har eit gjenvinningsanlegg der natriumhydroksid (NaOH) blir tilsett for nøytralisering og utfelling av hydroksidslam. Ved hjelp av inndamparar kan vatnet brukast om att i prosessen. Slammet blir levert til godkjent mottak av denne type avfall.

Syredamp frå beiseanlegget blir fjerna frå lokalet ved hjelp av eit ventilasjonssystem. Ved produksjon i anlegget, har avtrekket ein kapasitet på 10 000 m<sup>3</sup>/time og elles 3 000 m<sup>3</sup>/time. Lufta går gjennom ein skrubbar, som fjernar forureiningar i dampen, før utslepp over tak 15 meter over bakken. Målingar gjennomført i verksemda i 2011, visar låge verdiar for både HF og HNO<sub>3</sub>. Verksemda viser til Bref- dokumentet «Surface Treatment of Metals and Plastics, 2006» der det står at overflatebehandling av metall og plastikk ikkje er ei stor kjelde til utslepp til luft, og at utsleppa ikkje kan sjåast på som kjelde til grenseovergripande problem som til dømes sur nedbør. Det er vist til at målingane som er gjennomført for utslepp til luft i 2011 samsvarer med dette.

I tillegg til prosessane med beising av stål, har Framo Holsnøy AS ei avdeling for sveising og også eit malingsanlegg som slepp ut flyktige organiske sambindingar (VOC) til luft. Forbruk

av maling i 2016 var 6500 kg og totalt utslepp av VOC var i underkant av 2,5 tonn. Dette er eit normalt årleg forbruk.

Verksemda har oljeutskiljar. I miljøaspektet til Framo Holsnøy AS, datert 13. oktober 2016, står det oppført mellom anna at vatn og kjemikal frå penetrant-testing går til oljeutskiljar.

Driftstida skal auke frå 8 timer per dag til 15 timer per dag. Tal på driftsdøgn skal vere som før på 220 dagar i året.

### **Gjeldande regelverk**

Forureiningslova § 7 seier at ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan føre til forureining eller fare for forureining, utan at det er lovleg etter §§ 8 (forureiningar som ikkje fører til nemneverdig skade) eller 9 (lovleg gjennom forskrift) eller i vedtak etter § 11 (løyve).

Forureiningslova § 2 og Fylkesmannens målsetting om å unngå og å avgrense forureining ligg til grunn for vår sakshandsaming. Krava i vassforskrifta §§ 4-6 og prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal også leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av skjønn etter forureiningslova.

Framo Holsnøy AS kjem inn under Industriutsløpsdirektivet, (IED), direktiv 2010/75/EU, som trådte i kraft 6. januar 2011. Direktivet er gjeldande i norsk lovverk gjennom EØS-avtalen. Direktivet blei implementert i norsk lovverk den 1. august 2016, i mellom anna forureiningsforskrifta kapittel 9 og 36 og avfallsforskrifta kapittel 10.

Direktivet gir sakshandsamingsreglar for utsløppsløyve etter forureiningslova. Eit grunnleggjande prinsipp i industriutsløpsdirektivet, er bruk av beste tilgjengelege teknikkar (BAT) til å førebygge og avgrense forureining. For kvar industribransje er det utarbeidd BAT-referansedokument (BREF), som gjer greie for beste tilgjengelege teknikkar for ein sektor eller bransje og kva for utsløppsnivå som kan påreknast ved bruk av dei beste teknikkane som finns.

Med grunnlag i BREF-dokumenta blir BAT-konklusjonar vedtekne og publiserte. Desse gjer greie for BAT-teknikkar og forpliktande utsløppsnivå, BAT Associated Emission Levels (BAT-AEL) for aktuelle bransjar. Det er EIPPCB (the European Integrated Pollution and Control Bureau) som har ansvar for å utarbeide desse dokumenta på grunnlag av utveksling av informasjon som skjer innanfor ramma av IED. Denne nettsida gir oversikt over alle BREF-dokumenta og BREF-konklusjonar etter kvart som dei blir publiserte.

<http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>.

BAT-konklusjonane er ei eiga rettsakt (Commission Implementing Decision). Rettsakta er juridisk bindande. Frå det tidspunkt ein ny BAT-konklusjon er publisert og erstattar ein gammal konklusjon, må løyve vurderast på nytt og skal oppdaterast innan fire år, jf. direktiv 2010/75/EU, IED art. 21 pkt. 3. Dette kravet er også tatt med i forureiningsforskrifta § 36-19 andre ledd. Det vil sei at når dette skjer, må Fylkesmannen endre løyvet til Framo Holsnøy AS i tråd med dei nye krava.

Det er også krav om auka tilsynsfrekvens (§ 36-23) for verksemdar som kommer inn under direktivet. I tillegg er det gitt krav om at tilstandsrapportar om moglege forureining av grunn og grunnvatn skal utarbeidast (§ 36-21).

## **Saksgang**

Søknaden blei sendt på høyring i avisa Nordhordland og til Meland kommune og har lagt ute på våre nettsider [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no).

## **Fråsegn**

Meland kommune har gitt fråsegn i saka i brev av 23. oktober 2017. Kommunen har ikkje merknader til søknaden om løyve til overflatebehandling ved Framo Holsnøy AS. Det er lagt vekt på at anlegget har vore i drift på staden i fleire år. Dei ber likevel om at løyvet ikkje må kome i konflikt med gjeldande planar i området. Kommunen presiserer at det må takast omsyn til lokalt friluftsliv og det lokale naturmangfaldet elles i området når løyve blir gitt.

Framo Holsnøy AS har fått tilsendt fråsegn frå kommunen og har ingen kommentarar til desse. Verksemda presiserer at dei har eit lukka anlegg der alt prosessvatn blir resirkulert, og at botn i bada er sikra med dobbel botn.

## **Fylkesmannens vurdering**

Fylkesmannen har gitt løyve til verksemda jf. forureiningslova § 11.

Framo Holsnøy AS starta opp i 2006. Den gong var det IPPC-direktivet som gjaldt for verksemda, og i dag er det erstatta med industriutslippsdirektivet (IED).

IED tek sikte på at prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar skal strammast inn. Forureiningsforskrifta kapittel 36 omhandlar korleis løyve skal fastsetjast og kva for verksemdar dette gjelder for. Framo Holsnøy AS kjem inn under punkt 2.6.

«2.6 Overflatebehandling av metaller og plast ved hjelp av en elektrolytisk eller kjemisk prosess når behandlingsbadene har et volum på over 30 m<sup>3</sup>.» I tillegg gjeld også deler av punkt 2. Produksjon og omforming av metall. Det er førebels ikkje publisert nye BAT-konklusjonar for overflatebehandling av metall og plast eller for forarbeid med jernmetall.

Biologisk avfeittning, med reinsing på staden der feitt og olje vert fjerna ved hjelp av bakteriar, er sett på som beste tilgjengelege teknikk (BAT) i referansedokumentet »Bref for Ferrous Metals Processing«. Bref et omhandlar også beste tilgjengelege teknikkar innan for- og etterbehandling av stålprodukt. Her er det vist til at ved beising av rustfritt stål med blanda syre, er rapportert om HF-emisjonar til luft i intervallet frå 0,2 - 17 mg/m<sup>3</sup> (0,2 - 3,4 g/t) og at det blir generert NO<sub>x</sub>. Spreiingsområdet var rapportert til å liggje mellom 3-1000 mg/Nm<sup>3</sup>, (3 - 4000 g/t spesifikk emisjon), fordi det er tvil om nivåa i den låge delen av skalaen.

### *Reguleringsplan*

Fabrikkområdet til Framo Holsnøy AS er regulert i «Reguleringsplan for Hjertås nord, arealplan- ID 1256 2005 0316». Planområdet vert i dag nytta som steinbrot/masseuttak. Reguleringsendring blei vedteke 29. mars 2017. Endringa legg til rette for utviding av arealet avsett til næringsverksemd og til å gjere området for masseuttak mindre. Verksemda er dermed ikkje i strid med gjeldande reguleringsplan.

### *Verknad på miljøet*

Verksemda kan påverke miljøet ved utslepp til vatn, lukt, støv og ved generering av avfall.

Framo Horsøy AS skal ikkje ha utslepp til vatn frå prosessane sine. Dei største påveknadene er kanskje relatert til energiforbruk og forbruk av vatn i tillegg til generering av fast og flytande avfall.

#### *Utslepp til vatn*

Dei viktigste utsleppa til vatn, som kan vere kjelde til bekymring, er metall i form av oppløselege salter og tensider. Desse kan vere vanskeleg biologisk nedbrytbare og kan hope seg opp i miljøet. Framo Holsnøy AS har ikkje søkt om utslepp av prosessavløpsvatn. Alt prosessvatn skal behandlast i verksemdas anlegg, der slam blir felt ut og levert som farleg avfall. Vatnet blir brukt på nytt i prosessane.

Vatn og kjemikal frå penetrantbehandling går likevel til oljeutskiljar. Ein oljeutskiljar er ikkje konstruert for å reinse anna enn oljehaldig avløpsvatn. Han er ikkje eit reinseanlegg for prosessvatn eller skølevatn frå prosessar i verksemda. Prosessvatn og vaskevatt skal ikkje førast til sjø via oljeutskiljar.

Kjemiske produkt som til dømes avfettingsmiddel, bremsevæske, lakk, løysemiddel og andre kjemikal må ikkje førast til oljeutskiljaren. Oljeutskiljarar skal vere dimensjonerte etter vassmengda som skal tilførast. Verksemda skal ha gode rutinar for tømning, drift og vedlikehald. Oljen som blir skild ut er farleg avfall og skal leverast til mottak som har løyve til å ta imot denne typen avfall.

Vi har sett krav om prøvetaking av olje. Utsleppsgrensa på 20 mg/l er vanleg grense for denne type verksemdar. Ein godt driven oljeutskiljar skal kunne overhalde denne grensa. Måling av olje i vatn skal gjennomførast i tråd med NS EN ISO 9277, jf. punkt 3.1 i løyvet. Standarden gjeld for måling av hydrokarbon innanfor spekteret C10-C40.

Fylkesmannen forutset at verksemda ikkje har utslepp av prosessvatn via oljeutskiljar til sjø. Dersom dette ikkje er tilfelle, må verksemda søkje om løyve for utsleppa etter forureiningslova.

#### *Utslepp til luft*

Overflatebehandling av metaller er vanlegvis ikkje den største kjelda til luftforureining, men signifikante emissionar av NO<sub>x</sub>, HF og syrepartiklar frå beising, i tillegg til støv frå slipeprossar, kan førekome lokalt. Støv, dvs. kombinasjon av støv frå slipemidlar, og avslipt substrat, generert ved mekanisk bearbeiding av komponentar og laserbehandling, kan gje utslepp av støv til luft. Vi har gitt krav om måling av støv til luft med utsleppsgrenser i punkt 4.1.1, jf. punkt 11.2.

Verksemdas syrebad har ein temperatur på 35 °C og inneheld følgjande salpetersyre, HNO<sub>3</sub> (13-18 %), Flussyre HF (2- 4 %) og Hydrogenperoksid H<sub>2</sub>O<sub>2</sub> (< 0,01). Ventilasjonslufta frå syrebadet blir ført ut over tak 15 meter over bakkenivå. Avgassen er på 4800 Nm<sup>3</sup>/h og temperaturen på gassen er på 15 °C. Utsleppa inneheld flussyre, HF og salpetersyre, HNO<sub>3</sub>.

I 2010 blei det utført emisjonsmålingar fordi Framo Holsnøy AS ville dokumentere utslepp til luft frå skrubbar som reinsar avgassen og som er montert over syrebadet. Målepunktet blei valt rett etter skrubbaren ved avkastrøyret med utslepp til luft. I følgje rapport av 25. januar 2011, var utsleppsverdiane låge.

Framo Holsnøy AS måler syrekonsentrasjonen i syrekaret og pH i skrubbaren som reinsar lufta. Det er vist til at desse målingane indirekte gjev opplysningar om utsleppa. Verksemda reknar difor måling av utsleppet ved eit tidspunkt som ikkje føremålstenleg. Dette er basert på at det er luftmengda som går gjennom systemet over eit år som er avgjerande.

Utslepp til luft kan målast ved kontinuerlege målingar og vil gje eit meir riktig bilete av utsleppa. Verksemda har søkt om utslepp av Hydrogenfluorid, HF med en maksimal konsentrasjon på 0,40 mg/Nm<sup>3</sup> og salpetersyre, HNO<sub>3</sub> med en konsentrasjon på 0,1 mg/Nm<sup>3</sup>. Dette er låge verdiar og ingen verksemdar i denne bransjen er regulert for måling av utslepp til luft for HF og HNO<sub>3</sub>. I BREF-dokumentet som gjeld for Ferrous Metals Proseccing Industri er det vist til verdiar for HF på mellom 2-7 mg/Nm<sup>3</sup> og NO<sub>x</sub> på mellom 200-650 mg/Nm<sup>3</sup>. Fylkesmannen har ikkje sett utsleppsgrenser for utsleppa eller gitt krav om målingar. Dette kan bli endra på bakgrunn av endringar i industriutsleppsdirektivet med bindande utsleppsgrenser for bransjen.

Fylkesmannen meiner likevel at ein måling er for lite til å kunne sei at resultatet er representativt for verksemdas utslepp. Vi stiller krav om et verksemda gjer nye målingar av utsleppa til luft, jf. punkt 4.1.2. Sjølv om vi ikkje har sett krav om prøvetaking, må verksemda likevel vurdere utsleppa årleg og rapportere desse via Altinn, jf. punkt 11.5.

I tillegg til prosessane med beising av stål, har verksemda ei avdeling for sveising og ei avdeling for lakkering med løysemiddelbaserte produkt. Utslepp til luft frå bruk av løysemiddelbasert maling, når løysemiddelforbruket er større enn 5 tonn per år, er regulert i forureiningsforskrifta kapittel 9, (VOC-forskrifta). Verksemdas forbruk i dag er på om lag halvparten av terskelverdien per år. Det er vist i søknaden til at denne type utslepp er med i miljøaspektet til verksemda, og at dei vil ha større fokus på desse utsleppa framover. Fylkesmannen har ikkje gitt krav om måling av VOC.

Verksemda nyttar varmpumper med effekt på 300 kW og elkjel med effekt på 600 kW. Framo Holsnøy AS har eit forbrenningsanlegg for reine brensler med nominell innfyrt effekt større enn 1 MW. Verksemda må følgje krava i forureiningsforskrifta § 27. Alle anlegg skal i dag oppfylle krava som gjeld nye fyringseiningar i § 27-5 a) og b). Måling og utrekning av utslepp til luft følgjer av § 27-6.

Utslepp av nasjonalt prioriterte miljøgifter, oppgitt i vedlegg I til løyvet, må alltid regulerast gjennom spesifikke vilkår, for at utsleppa skal vere lovlege. Nasjonal målsetting er å stanse utslepp av desse stoffa innan 2020. Prioritetslista inneheld oversikt over desse stoffa og er tatt med i løyvet som Vedlegg I. Framo Holsnøy AS har ikkje rapportert å ha utslepp av prioriterte stoff, men Fylkesmannen har bedt om ei utgreiing av om verksemda kan ha diffuse utslepp av desse, jf. punkt 13.

#### *Vurdering etter naturmangfaldlova*

I følgje naturmangfollova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Vedtak som omhandlar naturmangfaldet skal byggje på kunnskap, eller leggje føre-var-prinsippet til grunn. Samla belastning på økosystemet må vurderast. Eventuelle kostnadar for å hindre eller begrense skade på naturmangfaldet skal dekkast av tiltakshavar, og det skal takast utgangspunkt i bruk av beste tilgjengelege teknikkar og driftsmetodar.

Meland kommune viser til at Brakstadelva/Fløksandelva er eit sjøaureførande vassdrag og at vassdraget har den lengste anadrome strekinga i kommunen. Kommunen nemner også nokre fugleartar som i følge Naturbase er observert i nærleiken av tiltaksområdet – sjøorre (sårbar), ærfugl (nær truga), fiskemåse (nær truga) og sandsvale (nær truga). Ein har nokså god oversikt over førekomsten av desse artane i distriktet, og det er ikkje kjent at nokon av dei har spesiell tilknytning til nærområdet. Etter vår vurdering blir desse artane lite påverka av verksemdas aktivitet. Det er ikkje registrert viktige naturtypar i nærområdet. Fordi vi vurderer at utsleppa ikkje påverkar naturmangfaldet i nemneverdig grad jf. naturmangfaldlova § 8, gjer vi ikkje vurderingar etter §§ 9- 12.

#### *Tilstand i vassførekomsten*

Vassforskrifta fastset miljømål for vassførekomstar og delar vassførekomstane inn i fem tilstandsklassar for økologisk tilstand og artsmangfold og artssamansetning og kjemisk tilstand i form av konsentrasjonar av prioriterte kjemiske stoff. Miljømåla i §§ 4-6 går ut på at tilstanden i vassførekomsten skal vernast mot forverring, og skal betrast med mål om å oppnå god økologisk tilstand og god kjemisk tilstand innan 2021. Vi har brukt nettstaden Vann-Nett for å finne informasjon om vassførekomsten Herdlefjorden- nordre med vannførekomst ID 0261030300-3-C. Vannførekomsten er satt i "Ingen risiko". Økologisk tilstand er "God" og kjemisk tilstand er ukjent. I Vann-Nett er påverknad sett til diffus avrenning og utslepp frå fiskeoppdrett, der påverknaden er sett til "Liten grad". Konklusjonen er at det ikkje er risiko for at miljømålet skal nåast. Dei registrerte påverknadene har liten effekt, og det er difor forventa at miljømålet blir innfridd.

Fylkesmannen meiner at kunnskapsgrunnlaget er oppfylt jf. Forureiningslova § 12, naturmangfaldlova § 8 og forvaltningslova § 17. Vi har teke omsyn til innkomne fråsegn og innspela er lagt til grunn ved utforming av vilkåra i løyvet.

#### *Avfall*

Dersom verksemda har slamrestar, sandfangmassar og avfall frå ionebyttanlegg som er farleg avfall, må dette leverast til verksemd som har løyve til mottak av denne typen avfall. Om avfallet er farleg avfall, skal det deklarerast elektronisk gjennom nettstaden [www.avfallsdeklarerer.no](http://www.avfallsdeklarerer.no).

#### *Støy*

Verksemda er plassert i eit område som er regulert til industriformål. Støy er ikkje regulert i reguleringsplana for industriområdet. Det er om lag 300 meter til næraste nabo. I dette løyvet er det gitt krav til lovleg støynivå utan at det er krav om kartlegging av støynivået rundt verksemda. Vi meiner at det er ein potensiell fare for at støyulemper kan oppstå i omgjevnadene i form av viftestøy, transportstøy eller liknande. Støykrava er difor lagt inn for at verksemda skal ha klare grenser for støyande aktiviteter. Støygrensene vi har gitt er vanlege for industriverksemd.

#### *Utsleppsmålingar og eigenkontroll*

Punkt 11 i løyvet omhandlar verksemdas plikt til å gjennomføre representative målingar av utsleppa og rapportere desse åreleg til Fylkesmannen via Altinn, jf. Punkt 11.5 i løyvet. Vi gjer merksam på at alle utslepp skal rapporterast, ikkje berre stoff som er regulert med spesifikke grensar i løyvet. Verksemda må utarbeide måleprogram for å kunne kvantifisere utslepp til luft og vatn innan 31. desember 2018 jf. punkt 11.4 og 13.3.

### *Regulering av verksemdas utslepp til luft og vatn*

Verksemda skal kartlegge alle sine utslepp til luft og til vatn, både punktutslepp og diffuse utslepp. I faktaarket «Forventninger til industriens utslippskontroll» frå Miljødirektoratet er dette skissert. Vi viser også til rettleiar for egenkontrollrapportering:

<http://www.miljodirektoratet.no/Documents/publikasjoner/M112/M112.pdf>.

Framo Holsnøy AS skal ha kontroll på alle utslepp. Målingar skal vere kvalitetssikra og vurdering av usikkerheit ved målingar og utgreiing for valde målefrekvensar og metodar skal gå fram av programmet for utsleppskontroll (punkt 11.2).

Vi har gitt krav om målinger av olje gjennom grenseverdiar som er fastsatt under punkt 3.1 Utsleppsgrensar (til vatn) og 4.1 Utsleppsgrensar (til luft). Når utgreiinga av utsleppa er gjennomført, jf. punkt 13, kan Fylkesmannen sette nye grenseverdiar, dersom dette blir aktuelt.

### **Konklusjon**

Vi har vurdert at fordelane med å gje løyve til verksemda er større enn eventuelle negative konsekvensar som følgje av forureining frå anlegget. Verksemda har ikkje utslepp til vatn frå beiseanlegget. Fylkesmannen vurderer at verksemdas utslepp til luft er såpass små, at det er lite sannsynleg at fisk og sjøfugl vil bli påverka. Med dei vilkåra som er gitt i løyvet, vil Framo Holsnøy AS etter Fylkesmannens vurdering ikkje føre til fare for ytre miljø.

Fylkesmannen vil kunne setje nye utsleppsgrensar og gje nye krav om prøvetaking på bakgrunn av nye analyseresultat.

Dersom verksemda har andre utslepp, som det ikkje er opplyst om i søknaden, må de søkje om løyve for desse etter forureiningslova.

### **Fristar**

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over fristar for gjennomføring av tiltak det er stilt krav om i løyvet:

| <b>Tiltak</b>   | <b>Frist</b> | <b>Vilkår</b> |
|---|--------------|---------------|
| Sende info om verksemdas BAT- dokumentasjon                       | 31.12.2018   | 13.4          |
| Miljøriskioanalyse  | jamleg       | 2.6           |
| Ha beredskap mot akutt forureining                                | dags dato    | 10.3          |
| Oversende resultat frå måling av utslepp av HF og NO <sub>x</sub> | 31.12.2018   | 4.1           |
| Ha kartlagt alle utslepp til luft og vatn                         | 31.12.2018   | 13.1 og 13.2  |
| Ha utarbeidd måleprogram  | 31.12.2018   | 13.4          |
| Ha etablert energistyringssystem                                  | 31.12.2018   | 8             |
| Miljøriskiovurdering av utslepp av prioriterte miljøgifter        | 01.03.2019   | 13.1          |
| Rapportering via Altinn   | 01.03 årleg  | 11.5          |

### **Gebyr**

Fylkesmannen tek sakshandsamingsgebyr for arbeid med løyve. Reglane om gebyrinnkreving er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Satsane steig 1. januar 2018. Vi har plassert verksemda i gebyrsats 5. Verksemda skal betale eit gebyr på kroner 50 900,- for vår

handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39-4, sats 5. Miljødirektoratet sender faktura.

**Retten til å klage**

Dersom det er noko i løyvet de vil klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de sende klage til Miljødirektoratet. Partane involvert i saka og andre med særleg interesse, kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet til Miljødirektoratet. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ynskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Fylkesmannen i Hordaland.

Med helsing

Ingrid Torsnes  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Britt Solheim  
senioringeniør

Vedlegg:

Løyve med vilkår

Kopi til:

Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug



## Løyve til verksemd etter forureiningslova for Framo Holsnøy AS

Fylkesmannen gir Framo Holsnøy AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 2. mai 2017 og opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden. Villkåra går fram på side 2 til og med 12.

Dersom verksemda ønskjer endringar utover det som vart opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fire år, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

|                                     |   |
|-------------------------------------|---|
| Verksemd                            | Framo Holsnøy AS  |
| Stad/gateadresse                    | Rosslandsvegen 933  |
| Postadresse                         | 5918 Frekhaug   |
| Kommune og fylke                    | Lindås i Hordaland  |
| Org. nummer (verksemd)              | 989 778 056   |
| Lokalisering av anlegg              | UTM sone 23, aust: 287349, nord: 6717129  |
| NACE-kode og bransje                | 28.130 Produksjon av pumper og kompressorar ellers  |
| Kategori for verksemda <sup>1</sup> | Anlegg for overflatebehandling av metallar og plast ved hjelp av en elektrolytisk eller kjemiprosess (volum $\geq$ 60m <sup>3</sup> ) |

### Fylkesmannens referansar

|                        |                             |                       |
|------------------------|-----------------------------|-----------------------|
| Løyvenummer: 2018.0720 | Anleggsnummer: 1256.0048.01 | Saksnummer: 2017/5753 |
|------------------------|-----------------------------|-----------------------|

|                                  |  |                                 |
|----------------------------------|--|---------------------------------|
| Løyvet gjeve:<br>24.08.2018      | Løyve sist revidert i medhald<br>av fl § 18 tredje ledd: | Løyvet sist endra:              |
| Ingrid Torsnes<br>senioringeniør |  | Britt Solheim<br>senioringeniør |

### Endringslogg

| Endringsnummer    | Endringar av | Punkt | Endringar |
|-------------------|--------------|-------|-----------|
| Inga endring gitt |              |       |           |

<sup>1</sup> Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) av 06.01.2004, nr. 931, kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven

## Innhald

|  |    |
|--|----|
| 1. Rammer for løyvet .....   | 3  |
| 2. Generelle vilkår .....  | 3  |
| 2.1. Utsleppsavgrensingar .....  | 3  |
| 2.2. Plikt til å halde grenseverdier .....                                   | 3  |
| 2.3. Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg .....             | 3  |
| 2.4. Plikt til førebyggjande vedlikehald .....                               | 3  |
| 2.5. Tiltak ved auka forureiningsfare .....                                  | 3  |
| 2.6. Internkontroll .....  | 4  |
| 3. Utslepp til vatn .....  | 4  |
| 3.1. Utsleppsgrensar .....   | 4  |
| 3.2 Utsleppsreducerande tiltak .....   | 5  |
| 3.3. Utsleppspunkt for prosessavløp .....                                    | 5  |
| 3.4 Kjølevatn .....  | 5  |
| 4. Utslepp til luft .....  | 5  |
| 4.1. Utsleppsgrensar .....   | 5  |
| 4.1.1 Utslepp frå punktkjelder .....   | 5  |
| 4.1.3 Utsleppsreducerande tiltak .....                                       | 6  |
| 4.2. Krav til utsleppspunkter .....  | 6  |
| 5. Grunnforureining og forureina sediment .....                              | 6  |
| 6. Kjemikaliar .....   | 7  |
| 7. Støy .....  | 7  |
| 8. Energi .....  | 8  |
| 8.1 Utnytting av overskotsenergi .....                                       | 8  |
| 8.2 Spesifikt energiforbruk .....  | 8  |
| 9. Avfall .....  | 9  |
| 9.1 Generelle krav .....   | 9  |
| 9.2 Lagring .....  | 9  |
| 10. Førebyggjande tiltak og tiltak for beredskap mot akutt forureining ..... | 9  |
| 10.1 Miljørisikoanalyse .....  | 9  |
| 10.2 Førebyggjande tiltak .....  | 9  |
| 10.3 Etablering av beredskap .....   | 9  |
| 10.4 Varsling av akutt forureining .....                                     | 9  |
| 11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen .....                  | 10 |
| 11.1 Kartlegging av utslepp .....  | 10 |
| 11.2 Utsleppskontroll .....  | 10 |
| 11.3 Kvalitetssikring av målingane .....                                     | 10 |
| 11.4 Program for utsleppskontroll .....                                      | 10 |
| 11.5 Rapportering til Fylkesmannen .....                                     | 11 |
| 12. Miljøovervaking i resipient .....  | 11 |
| 12.1 Overvaking av resipient .....   | 11 |
| 12.2 Overvaking av grunn og grunnvatn .....                                  | 11 |
| 13. Granskingar og utgreiingar .....   | 11 |
| 13.2 Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter .....                   | 11 |
| 13.4 Utarbeiding av måleprogram .....  | 12 |
| 13.5 Tilstandsrapport om mogeleg forureining av grunn og grunnvatn .....     | 12 |
| 14. Utsifting av utstyr .....  | 12 |
| 15. Eigarskifte .....  | 12 |
| 16. Nedlegging .....   | 13 |
| 17. Tilsyn .....   | 13 |
| VEDLEGG 1 .....  | 14 |

## 1. Rammer for løyvet

Løyvet gjeld forureining frå verksemd som produserer komplette hydrauliske rørsystem for drift av lossepumper. Verksemda driv med kjemisk overflatebehandling av rustfritt stål i eit lukka system og har eit syrebad på 60 m<sup>3</sup>.

Løyvet gjeld også anlegg for energiproduksjon med innfyrt effekt over 1 MW. Dette anlegget er regulert av forureiningsforskrifta kapittel 27 om forbrenning av reine brensel.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1. Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulert gjennom punkt 3 til 13 i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i Vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av punkt 3 til 13.

### 2.2. Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3. Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrensar, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, dette gjeld også for støy, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett utrukkelege grenser for gjennom vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået, som er lagt til grunn ved sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

### 2.4. Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå, og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørgje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumenterte.

### 2.5. Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgjer av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta. Verksemda skal så snart som mogeleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 10.4.

## 2.6. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift<sup>2</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Internkontrollen skal oppfylle krava i internkontrollforskrifta og skal vere i samsvar med norsk standard for miljøeiing.

Verksemda pliktar alltid å ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoen med forureining. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følgjer av punkt 10.1.

## 2.7. Best tilgjengeleg teknologi, BAT, Best Available Techniques

Framo Holsnøy AS er omfatta av vedlegg II til kapittel 36 i *Forskrift om begrensning av forurensning*, forureiningsforskrifta. Anlegget skal drivast etter prinsippet om bruk av dei miljømessig beste teknikkar (BAT).<sup>3</sup> Verksemda pliktar å halde seg oppdatert innanfor bransjens BAT. Som ein del av verksemdas internkontroll, skal det skje ein fortløpande vurdering og om nødvendig, implementering av dei beste tilgjengelege teknikkar, jf. IED-direktivet.

## 3. Utslepp til vatn

### 3.1. Utsleppsgrenser

Verksemda har installert eit avløpsfritt gjenvinningsanlegg der natriumhydroksid blir tilsett for nøytralisering og utfelling av hydroksidslam. Ved bruk av inndamparar kan vatnet brukast om att i prosessane. Det skal ikkje skje utslepp av prosessvatn frå verksemdas prosessar med overflatebehandling.

Verksemda har oljeutskiljar. For desse utsleppa stiller vi krav om målingar og rapportering jf. punkt 11.

Tabell 1: Grenseverdier for utslepp av komponentar med krav om målingar jf. punkt 11.2

| Kjelde        | Komponent    | Utsleppsgrensar | Gjeld frå |
|---------------|--------------|-----------------|-----------|
| Oljeutskiljar | Olje C10-C40 | 20 mg/l         | d.d.      |

Oljeutskiljarar skal vere dimensjonerte etter vassmengda som blir tilført, og det skal utarbeidast tilstrekkelege rutinar for tømning, drift og vedlikehald. Olja som blir skild ut er farleg avfall og skal leverast til lovleg mottak. Verksemdas prosessvatn skal ikkje førast til utslepp i oljeutskiljar.

---

<sup>2</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127

<sup>3</sup> EU utarbeidar bransjevise dokument for å angi kva som er BAT i den enskilde bransje, såkalla BAT-referansedokument (BREF-dokument). Alle dokumenta finn du her: <http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/>

Fylkesmannen vil kunne på bakgrunn av ny kunnskap eller teknologi kunne fastsetje strengare grensar og eller gje krav om målingar på bakgrunn av verksemdas utredning som skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2018 jf. punkt 13 i løyvet.

### 3.2 Utsleppsreducerande tiltak

Verksemda skal ha basseng for oppsamling av prosessbad dersom lekkasjar skulle oppstå. Bassenget skal minst kunne ta opp det største badvolumet i verksemda. Utsleppsleidninga frå bassenget skal vere stengt, slik at væske frå prosessbad kan samlast opp og pumpast tilbake til prosessbadet. Dersom gjenbruk ikkje er aktuelt, skal badvæske handterast som farleg avfall.

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes avrenning frå lagerområder og områder for lossing/lasting, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogeleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemdas uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Eventuelt avløpsvatn som inneheld olje frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseinnetning slik at utsleppsgrenser fastsett i punkt 3.1 vert overhaldne.

### 3.3. Utsleppspunkt for prosessavløp

Framo Holsnøy AS skal ikkje ha utslepp frå prosessavløpsvatn frå verksemda til sjø eller til kommunalt avløpsnett.

### 3.4 Kjølevatn

Verksemda skal ikkje ha utslepp av kjølevatn.

### 3.5 Sanitæravløpsvatn

Verksemda skal leie sanitæravløpsvatnet sitt ut gjennom separat avløpsanlegg<sup>4</sup>.

## 4. Utslepp til luft

### 4.1. Utsleppsgrensar

#### 4.1.1. Utslepp frå punktkjelder

Tabell 2: Grenseverdiar for utslepp av komponentar med krav om målingar jf. punkt 11.2

| Utsleppspunkt | Kjelde                  | Komponent | Utsleppsgrense<br>Konsentrasjonsgrense<br>Midlingstid: time | Utsleppsgrense<br>Langtidsgrense<br>Midlingstid: år | Gjeld<br>frå |
|---------------|-------------------------|-----------|---|---|--------------|
| Pipe          | Ventilasjons-<br>system | Støv      | 5 mg/Nm <sup>3</sup>  | 2 mg/Nm <sup>3</sup>                                | d.d          |

Ein meir presis, og eventuelt også strengare regulering vil bli gjennomført med grunnlag i utgreiinga som verksemda skal sende Fylkesmannen innan 31. desember 2018, jf. punkt 13.

<sup>4</sup> Jf. forurensningsforskriftens kapittel 12 (<50 pe) eller 13 (≥50 pe)

#### **4.1.2 Måling av utslepp av HF og NO<sub>x</sub>**

Framo Holsnøy AS skal gjennomføre målingar av utsleppa til luft frå beisebadet for utslepp av NO<sub>x</sub> og HF, for å stadfeste at utsleppa framleis er låge, jf. punkt 13. Det er ikkje gitt krav om årlege målingar av utsleppa ut over utgreinga i tråd med punkt 13.1. Fylkesmannen kan endre dette på bakgrunn av resultat frå prøvetakinga.

Resultatet skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2018.

Forureining frå forbrenningsanlegg og fyringseiningar med reine brensel er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 27 som har utsleppsgrensar til luft og støv, NO<sub>x</sub> og CO. For svovelinnhald i fyringsolje viser vi til forureiningsforskrifta kapittel 8.

#### **4.1.3 Utslepp til luft av flyktige organiske sambindingar**

«Forskrift om begrensning av utslipp av flyktige organiske forbindelser (VOC) forårsaket av bruk av organiske løsemidler», forureiningsforskrifta kap. 9, § 9-5. Vedlegg IIA punkt 8 gjeld for verksemda. Anlegget er lite og verksemdas forbruk av maling er under grensa som omfattar måling av utsleppa. Fylkesmannen har ikkje gitt krav om måling av VOC.

#### **4.1.4 Utsleppsreducerande tiltak**

Verksemda skal redusere utsleppa så langt det er praktisk mogeleg med utgangspunkt i beste tilgjengelege teknologi (BAT- Best Available Technology).

Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar og frå uteareal, til dømes lagerområder, områder for lossing/lasting og reinseanlegg, som kan føre til skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogeleg.

#### **4.2. Krav til utsleppspunkt**

Verksemda har løyve til å leie avgassar frå eksisterande anlegg/prosesseiningar ut gjennom utsleppssystema med dei utsleppspunkta/-høgden som er gitt i søknaden.

For nye utslippspunkt skal verksemda rekne ut spreiring på ein måte som viser maksimale bakkekonsentrasjonar av relevante forureiningskomponentar under dei mest gunstige spreiringstilhøva som kan oppstå. Både bidraget frå nye utsleppspunkt og frå eksisterande kjelder og bakgrunnsnivå, skal synleggjerast. Verksemda skal vurdere konsentrasjonane etter relevante normer og retningsliner for luftkvalitet. Den som reknar ut spreiring skal vere uavhengig og ha den kompetansen som trengst for å gjere slike utrekningar. Utrekninga skal leggjast fram for Fylkesmannen i god tid før byggjestart. Fylkesmannen kan om nødvendig stille nærare krav til plassering og høgde på nye utsleppspunkt.

## **5. Grunnforureining og forureina sediment**

Verksemda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemda pliktar å gjennomføre førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn. Verksemda pliktar vidare å gjennomføre tiltak som er eigna til å avgrense verknad på miljøet av eit eventuelt utslepp til grunn og grunnvatn. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skadar eller ulempe

for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Plikta etter dette avsnittet gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til skadar og ulemper som skal unngåast.

Verksemda skal halde fortlaupande oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på området til verksemda og i forureinande sediment utanfor, som faren for spreiding, samt å vurdere trong for granskingar og tiltak. Er det grunn til å tru at granskingar eller andre tiltak vil vere naudsynt, skal forureiningsstyresmakta varslast om dette.

Terrenginngrep som kan fører til fare for at forureining i grunnen blir spreidd, må ha godkjent tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2<sup>5</sup>, eventuelt løyve etter forureiningslova. Tiltak i forureina sediment må ha løyve etter forureiningslova eller forureiningsforskrifta kapittel 22.

Ved nedlegging av verksemda, skal verksemda vurdere forureiningstilstand i grunn og grunnvatn med omsyn til mogeleg forureining av relevante farlege stoff som er nytta, framstilt eller frigitt ved verksemda og treffe tiltak som følgjer av forureiningslova § 7 og § 20. Plan for tiltak skal sendast forureiningsstyresmakta. Opplysningar om dei tiltaka den ansvarlege har treft, skal gjerast tilgjengeleg for ålmenta. Forureiningsstyresmakta kan stille ytterlegare krav med heimel i forureiningslova. Sjå punkt 16.

## 6. Kjemikalier

Med kjemikalier meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukte i verksemda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikalier, for til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukt for å hindre brann.

For kjemikalier som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikaliane på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikalier. Verksemda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikaliane som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.<sup>6</sup>

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket<sup>7</sup> og andre regelverk som gjeld for kjemikalier.

## 7. Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar som ligg i nærleiken til verksemda, skal

---

<sup>5</sup> Jf. forureiningsforskriftens kapittel 2 om opprydning i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider

<sup>6</sup> Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

<sup>7</sup> Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensning av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516

ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som innfallande lydtrykknivå ved mest støyutsette fasade:

| Måndag-fredag | Kveld måndag-fredag | Laurdag      | Søn-/helgedager | Natt           | Natt           |
|---------------|---------------------|--------------|-----------------|----------------|----------------|
| 55 $L_{den}$  | 50 $L_{evening}$    | 50 $L_{den}$ | 50 $L_{den}$    | 45 $L_{night}$ | 60 $L_{AFmax}$ |

$L_{den}$  angir A-veiet gjennomsnittsnivå for døgn (dag-kveld-natt / day-evening-night) med straffetillegg på 5 dB på kveld og 10 dB på natt.

$L_{evening}$  er A-veiet ekvivalentnivå for kveldsperioden kl. 19-23.

$L_{night}$  er A-veiet ekvivalentnivå for 8-timersperioden fra kl. 23- 07.

$L_{AFmax}$ , som er gjennomsnittlig A-veiet maksimalnivå for de 5-10 mest støyende hendelsene i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå midlertidig bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene

Krav til lovleg støyntivå er satt utan at det er gitt krav om at Framo Holsnøy AS skal utarbeide støysonekart.

Støygrensene gjeld ikkje for busetnad nemnt ovanfor som blir etablert etter at støygrensene trådde i kraft.

Vi viser til definisjonar m.m. i retningslinje T-1442 frå 2016 (behandling av støy i arealplanlegging) og tilhøyrande rettleiar M-128 -2014 frå Miljødirektoratet.

## 8. Energi

Verksemda skal ha eit system for energileiing i verksemda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, jf. punkt 2.6. og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

Systemet skal være etablert innan 31. desember 2018.

### 8.1 Utnytting av overskotsenergi

Verksemda skal i størst mogeleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogeleg.

### 8.2 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk skal bereknast og rapporterast årleg, jf. punkt 11.5.

## 9. Avfall

### 9.1 Generelle krav

Verksemnda plikter så langt det er mogeleg utan urimelege kostnadar eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemnda. Særleg skal verksemnda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogeleg.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta<sup>8</sup>.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal verksemnda prøve å bruke på nytt i produksjonen eller i andre sin produksjon, eller - for brennbart avfall - prøve å nytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

### 9.2 Lagring

Farleg avfall skal ikkje lagrast lenger enn i 12 månader.

## 10. Førebyggjande tiltak og tiltak for beredskap mot akutt forureining

### 10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av si verksemd. Verksemnda skal vurdere resultatane med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### 10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### 10.3 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljørisiko som verksemnda til ei kvar tid representerer. Dersom aktuelt, skal verksemnda øve på beredskapen mot akutt forureining minimum ein gong per år.

### 10.4 Varsling av akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>9</sup>.

---

<sup>8</sup> Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

<sup>9</sup> Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 09.07.1992, nr. 1269

Verksemda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) i slike tilfelle.

## 11. Utsleppskontroll og rapportering til Fylkesmannen

### 11.1 Kartlegging av utslepp

Framo Holsnøy AS plikter systematisk å kartlegge verksemdas utslepp til luft og vatn. Dette gjeld både diffuse utslepp og punktutslepp. Verksemda skal leggje denne kartlegginga til grunn for utarbeiding av program for utsleppskontroll (punkt 11.4).

### 11.2 Utsleppskontroll

Verksemda skal kontrollere og dokumentere utslepp til luft og vatn ved å gjennomføre målingar. Målingar omfattar volumstrømsmåling, henting av prøver, analyse og utrekning. Målingar skal utførast slik at dei blir representative for verksemdas faktiske utslepp og skal omfatte:

- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsett i tabell 1 under punkt 3.1 og tabell 2 under punkt 4
- utslepp av støv
- utslepp av komponentar som er regulert gjennom grenseverdier fastsett i forskrift
- utslepp av andre komponentar som kan ha verknad for miljøet og dermed er omfatta av rapporteringsplikta

Verksemda skal vurdere usikkerheitsbidraga ved dei ulike trinna i målingane (volumstrømsmåling – uttak av prøver – analyse – utrekning) og velje løysningar som reduserer den totale usikkerheita til eit akseptabelt nivå. For alle målingar skal det vere ein prøvetakingsfrekvens som sikrar representative prøver.

For utslepp av HF og HNO<sub>3</sub>, skal verksemda årleg gjennomføre ein fagleg grunna vurdering av utsleppsmengd og rapportere dette i tråd med punkt 11.5.

### 11.3 Kvalitetssikring av målingane

Verksemda er ansvarleg for at måleutstyr, metodar og gjennomføring av målingane er forsvarleg kvalitetssikra blant anna ved å:

- utføre målingane etter Norsk standard. Dersom det ikkje finst, kan internasjonal standard nyttast. Verksemda kan nytte andre metodar enn norsk eller internasjonal standard dersom særlege omsyn tilseier det. Verksemda må i tilfelle dokumentere at særlege omsyn ligg føre og at metoden gjev representative tall for verksemdas faktiske utslepp.
- nytte akkrediterte laboratorium /tenester når volumstrømsmåling, prøvetaking og analyse blir utført av eksterne. Tenesteytar skal være akkrediterte for den aktuelle tenesta.
- jamleg vurdere om plassering av prøvetakingspunkt, val av prøvetakingsmetodar og -frekvensar gjev representative prøvar. Denne vurderinga skal utførast av fagkyndig tredjepart
- jamleg utføre kontroll og kalibrering av måleutstyr

### 11.4 Program for utsleppskontroll

Framo Holsnøy AS skal ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemdas dokumenterte internkontroll.

I programmet skal verksemda greie ut om dei kartlagde utsleppa (punkt 11.1 første ledd), gjennomføring av utsleppskontrollen (punkt 11.2) og kvalitetssikring av målingane (punkt 11.3).

Programmet for utsleppskontroll skal innehalde:

- ei utgreiing om verksemdas faktiske utslepp til luft og vatn, med ein oversikt over alle utsleppstraumar, volum og innhald, til luft og vatn
- ei skildring av dei ulike trinna i målingane (volumstrømmåling – prøvetaking – analyse – utrekning) for kvar straum og komponent
- ei skildring av måleutstyr som blir nytta til målingar, samt frekvens for måleutstyrskontroll og kalibrering
- ei utgreiing for valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens)
- ei skildring av valde metodar/standardar for analyse
- ei utgreiing av usikkerheitsbidraga som dei ulike trinna gjev

Programmet for utsleppskontroll skal haldast oppdatert.

### **11.5 Rapportering til Fylkesmannen**

Verksemda skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik frå siste år via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Miljødata omfattar blant anna produksjonsmengder, avfallsmengder, energiforbruk og resultat frå utsleppskontroll. Rapporteringa skal skje i samsvar med Miljødirektoratet sin rettleiar til verksemda sin eigenrapportering, [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no).

## **12. Miljøovervaking i resipient**

### **12.1 Overvaking av resipient**

Det er ikkje stilt vilkår på dette punktet.

### **12.2 Overvaking av grunn og grunnvatn**

Det er ikkje stilt vilkår på dette punktet.

## **13. Granskingar og utgreiingar**

### **13.1 Utgreiing av utslepp av prioriterte miljøgifter**

Verksemda skal vurdere om punktutsleppa kan innehalde prioriterte miljøgifter. Dersom dette kan påreknast, skal verksemda utføre naudsynte analysar for å kunne berekne innhald av prioriterte miljøgifter i punktutsleppa. Verksemda skal gjennomføre ei miljørisikovurdering av desse utsleppa. Resultatet skal sendast Fylkesmannen innan 1. mars 2019.

### **13.2 Utgreiing av diffuse utslepp**

Verksemda skal kartlegge diffuse utslepp til luft og vatn ved å

- Kartlegge kjelder til diffuse utslepp
- Vurdere storleik på dei diffuse utsleppa per kjelde
- Vurdere kva for stoff, derunder prioriterte miljøgifter, desse utsleppa kan innehalde. Verksemda skal utføre naudsynte målingar for å kunne bestemme innhaldet av dei ulike stoffa i utsleppa

- Gjennomføre miljørisikovurdering av desse utsleppa  
Utgreiinga skal sendast Fylkesmannen innan 31. desember 2018.

### **13.3 Utarbeiding av måleprogram**

Verksemda skal utarbeide et program for kontroll med utslepp av rapporteringspliktige komponentar innan 31. desember 2018.

### **13.4 Sende melding om status for oppfølging av BAT-kravet**

Framo Holsnøy AS skal sende Fylkesmannen melding med korleis verksemda oppfyller kravet om å nytte beste tilgjengelege teknologi (BAT) for å overhalde kravet i direktivet. Frist for tilbakemelding er 31. desember 2018.

### **13.5 Tilstandsrapport om mogeleg forureining av grunn og grunnvatn**

Verksemder som nyttar, framstiller eller slepper ut farlege stoff eller stoffblandingar i samsvar med forskrift om klassifisering med meir av stoff (CLP), skal utarbeide ei tilstandsrapport om mogeleg forureining av grunn og grunnvatn. Verksemda skal lage ei oversikt av dagens og historisk bruk av området, og vurdere kva for forureining av grunn og grunnvatn dette kan ha ført til.

Framo Holsnøy AS har vurdert behov for å dokumentere forureiningstilstanden i grunn og grunnvatn. Denne vurderinga er gjennomført i tråd med trinn 1-4 i Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*.

Fylkesmannen har med utgangspunkt i verksemdas innsendte vurderingar, vurdert at verksemda ikkje treng å utarbeide ein full tilstandsrapport i tråd med trinn 5-8 i Miljødirektoratets rettleiar M-630/2016 *Tilstandsrapport for industriområder*. Verksemda har heller ikkje vore årsak til historiske forureiningar som har ført til miljø- eller helserisiko.

## **14. Utskifting av utstyr**

All utskifting av utstyr skal baserast på at dei beste tilgjengelege teknikkar, med sikte på å motverke forureining, skal nyttast.

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе dei krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining som følger av relevante BAT-konklusjonar jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr, som kan ha stor innverknad på verksemdas utslepp skal skiftast ut, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen om dette i god tid før val av nytt utstyr skal skje.

## **15. Eigarskifte**

Dersom verksemda blir overdratt til ny eigar, skal melding sendast Fylkesmannen så snart som mogeleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

## 16. Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar opp for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimeleg tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsette nærare krav til tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan pålegge eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogeleg erstatningsansvar.

Dersom verksemda allereie har stilt garanti i medhald av løyvet, kan forureiningsstyresmakta, i samband med at verksemda blir nedlagt eller ved lengre driftsstans, likevel om naudsynt krevje at garantien blir utvida.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>10</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikalier og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

## 17. Tilsyn

Verksemda plikter å la representantar for forureiningsstyresmakta eller andre som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

---

<sup>10</sup> Avfallsforskriftens kapittel 11 om farlig avfall

## VEDLEGG 1

### Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslepp av desse komponentane er berre omfatta av løyvet dersom dette går uttrykkeleg fram av vilkåra i punkt 3 og punkta etter, eller dei er så små at dei må sjåast på å vere utan miljømessig verknad.

#### Metaller og metallforbindelser:

|                                    | Forkortelser          |
|------------------------------------|-----------------------|
| Arsen og arsenforbindelser         | As og As-forbindelser |
| Bly og blyforbindelser             | Pb og Pb-forbindelser |
| Kadmium og kadmiumforbindelser     | Cd og Cd-forbindelser |
| Krom og kromforbindelser           | Cr og Cr-forbindelser |
| Kvikksølv og kvikksølvforbindelser | Hg og Hg-forbindelser |

#### Organiske forbindelser:

| Bromerte flammehemmere   | Vanlige forkortelser |
|--|----------------------|
| Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)                  | Penta-BDE            |
| Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)                    | Okta-BDE, octa-BDE   |
| Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)                         | Deka-BDE, deca-BDE   |
| Heksabromcyclododekan  | HBCDD                |
| 1,1-dibrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'-isopropyliden difenol) | TBBPA                |

#### Klorerte organiske forbindelser

|  |                      |
|--|----------------------|
| 1,2-Dikloreten   | EDC                  |
| Klorerte dioksiner og furaner  | Dioksiner, PCDD/PCDF |
| Heksaklorbenzen  | HCB                  |
| Kortkjedete klorparafiner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> (kloralkaner C <sub>10</sub> - C <sub>13</sub> )   | SCCP                 |
| Mellomkjedete klorparafiner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> (kloralkaner C <sub>14</sub> - C <sub>17</sub> ) | MCCP                 |
| Klorerte alkylbenzener   | KAB                  |
| Pentaklorfenol   | PCF, PCP             |
| Polyklorerte bifenyler   | PCB                  |
| Triklorbenzen  | TCB                  |
| Tetrakloreten  | PER                  |
| Trikloretan  | TRI                  |
| Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)  | TCS                  |
| Tris(2-kloretyl)fosfat   | TCEP                 |

#### Enkelte tensider

|   |        |
|---|--------|
| Ditalg-dimetylammoniumklorid              | DTDMAC |
| Dimetyldioktadekylammoniumklorid          | DSDMAC |
| Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid | DHTMAC |

#### Nitromuskforbindelser

|           |  |
|-----------|--|
| Muskxylen |  |
|-----------|--|

#### Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler

|                                   |                  |
|-----------------------------------|------------------|
| Nonylfenol og nonylfenoletoksyler | NF, NP, NFE, NPE |
| Oktylfenol og oktylfenoletoksyler | OF, OP, OFE, OPE |
| Dodecylfenol m. isomerer          | DDP              |
| 2,4,6 tri-tert-butylfenol         | TTB-fenol        |

#### Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)

|  |  |
|--|--|
| uoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS                          | PFOS, PFOS-relaterte forbindelser          |
| Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS                | PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser        |
| Perfluoroktansyre  | PFOA                                       |
| Langkjedete perfluorerte karboksylsyrer C <sub>9</sub> -PFCA - C <sub>14</sub> -PFCA | PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTrDA, PFTeDA |

**Tinnorganiske forbindelser**

|                          |          |
|--------------------------|----------|
| Tributyltinnforbindelser | TBT      |
| Trifenyltinnforbindelser | TFT, TPT |
| Dibutyltinnforbindelser  | DBT      |
| Dioktyltinnforbindelser  | DOT      |

|  |     |
|--|-----|
| <b>Polysykliske aromatiske hydrokarboner</b> | PAH |
|--|-----|

|   |      |
|---|------|
| <b>Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)</b> | DEHP |
|---|------|

|                   |     |
|-------------------|-----|
| <b>Bisfenol A</b> | BPA |
|-------------------|-----|

**Siloksaner**

|                             |    |
|-----------------------------|----|
| Dekametylsyklopentasiloksan | D5 |
| Oktametylsyklotetrasiloksan | D4 |

**Benzotriazolbaserte UV-filtre**

|   |        |
|---|--------|
| 2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol                 | UV-320 |
| 2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol       | UV-327 |
| 2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol             | UV-328 |
| 2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol | UV-350 |